

SURNADAL KOMMUNE

SAMLET SAKSFRAMSTILLING

LOKAL FORSKRIFT OM SPREIING AV GJØDSELVARER M.V. AV ORGANISK OPPHAV I SURNADAL

Saksbehandler: Mona Rosvold

Arkivsaksnr.: 05/02177

Arkiv: V33 &00

Saksnr.: Utvalg

0019/06 Formannskapet

0048/06 Formannskapet

0068/06 Kommunestyret

Saksbehandlar: Mona Rosvold

Arkivsaksnr.: 05/02177-002

Møtedato

14.03.2006

06.06.2006

28.06.2006

Arkiv: V33 &00

LOKAL FORSKRIFT OM SPREIING AV GJØDSELVARER M.V. AV ORGANISK OPPHAV I SURNADAL

Vedlegg:

05/02177-001 I Møre og Romsdal fylke

15.09.2005 SISTE DATO FOR SPREIING AV HUSDYRGJØDSEL -
FORVALTNING AV REGELVERK

05/02177-006 I Indre Nordmøre og Romsdal forsøksring

30.03.2006 OM SISTE DATO FOR SPREIING AV HUSDYRGJØDSEL

05/02177-007 I Rindal kommune

24.04.2006 UTTALE VEDR. LOKAL FORSKRIFT OM SPREIING AV
GJØDSELVARER M.V. AV ORGANISK OPPHAV I SURNADAL

05/02177-008 I Fylkesmannen i Møre og Romsdal

20.04.2006 ENDRING AV FORSKRIFT OM GJØDSELSVARER MV. AV
ORGANISK OPPHAV

Andre saksdokument (ikkje vedlagt):

05/02177-002 S

24.02.2006 LOKAL FORSKRIFT OM SPREIING AV GJØDSELVARER M.V.
AV ORGANISK OPPHAV I SURNADAL

05/02177-003 P Saksnr 0019/06 fra møte 14.03.2006 i

S Formannskapet

SAKS PROTOKOLL: LOKAL FORSKRIFT OM SPREIING AV
GJØDSELV... ORGANISK OPPHAV I SURNADAL

05/02177-004 S

20.03.2006 SAMLET SAKSFREMSTILLING - LOKAL FORSKRIFT OM
SPREIING ... ORGANISK OPPHAV I SURNADAL

05/02177-005 U Todalen Bondelag m. fl.

31.03.2006 HØRING OM "LOKAL FORSKRIFT OM SPREIING AV
GJØDSELVARER...." PÅ ENG

Bakgrunn for saka:

Spreiing av gjødselvarer av organisk opphav (husdyrgjødsel, pressaft mv.) er kun tillatt i perioden 15. februar til 1. november. Det er ikkje tillatt å spreie gjødselvarer på snødekkka eller frossen mark, og spreinga skal ikkje føre til forureining.

Husdyrgjødsel kan spreiest **på open åker fram til 1.november dersom gjødsla blir molda ned innan 18 timar etter spreinga.**

Spreiing av husdyrgjødsel, pressaft mv. på eng utan nedmolding:

Fram til 26.08.2005 kunne ein spreie husdyrgjødsel, pressaft mv. på eng utan nedmolding fram til 1.september i heile landet. For spreieing på eng etter denne datoen måtte gardbrukarane søke kommunen om dispensasjon frå forskrifta. Kommunen har hatt høve til å gi dispensasjon ved enkeltvedtak mellom 1. september og 1. oktober.

Landbruks- og matdepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet og Miljøverndepartementet fastsatte den 26.8.2005 **endring i forskrift** av 4.juli 2003 nr. 951 om gjødselvarer mv. av organisk opphav § 23.

Den nye forskrifta gir den enkelte kommune anledning til å fastsette ei lokal forskrift for **siste spreiedato av organiske gjødselvarer på eng utan nedmolding mellom 1. september og 1. oktober.** Fristen for spreieing av gjødselvarer utan nedmolding skal vurderast ut fra dei klimatiske og miljømessige forholda i kommunen. Det er også rom for at den lokale forskrifta har ulik siste spreiedato for ulike område i kommunen.

Formannskapet behandla den 30.08.2005 saka "Endring av spreietidspunkt i forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav." Følgjande midlertidige vedtak som gjalt kun for 2005 vart gjort då:

....." På grunn av klimatiske forhold forlenger Surnadal kommune fristen for å spreie husdyrgjødsel, pressaft mv på eng utan nedmolding til 1.oktober..... Lokal forskrift blir utarbeidd snarast råd."

Det er stor variasjon på vekstavslutninga for gras i Norge. Endringa av forskrifta skal gjere det lettare å tilpasse forvaltninga til lokalt klima og omsynet til vassdraga når det gjeld tilførsel av næringsstoff. Den gamle forskrifta var lik for heile landet og var tilpassa størstedelen av grasarealet i Norge. Men det finst område som kunne hatt både tidlegare og seinare frist for spreieing av husdyrgjødsel på eng utan nedmolding.

Utarbeiding av ei lokal forskrift blir gjort vinteren / våren 2006 for dei fleste kommunane i fylket. Landbruksavdelinga i Møre og Romsdal fylke har signalisert at dei vil bidra overfor kommunane i forhold til den formelle prosessen i utarbeidinga av lokale forskrifter. Saksbehandlar skal på eit møte 21.mars om dette temaet.

Økonomi:

Ulik siste spreiedato kan virke inn på den enkelte gardbruker sin økonomi. § 20 i forskriften stiller krav til kapasiteten for lager av husdyrgjødsel. "Lager for husdyrgjødsel skal ha tilstrekkelig kapasitet slik at gjødsla kan lagres fram til spredning i den tillatte perioden. Lageret må i tillegg ha kapasitet til å oppbevare eventuell gjødsel som måtte ligge igjen i lageret etter siste utkjøring. Lagringskapasiteten skal være minimum 8 måneders

produksjon.”... Eit kortare tidsrom for spreining av husdyrgjødsel på eng utan nedmolding vil dermed virke inn på den nødvendige størrelsen på gjødsellagra.

Konsekvensar for miljøet:

Vassdraga er sårbare når det gjeld tilførsel av næringsstoff. Økt næringstilførsel, som for eksempel avrenning av næringsstoff frå jordbruket, kan føre til alvorleg forureining og gjengroing av vatn og våtmarksområde.

Mange synes lukta av husdyrgjødsel er sjenerande. Ei generell utviding av spreieperioden for husdyrgjødsel vil derfor kunne vere ei miljømessig ulempe.

Vurdering:

Formålsparagrafen i den sentrale forskriften om gjødselvarer mv. av organisk opphav er slik: ”Formålet med denne forskriften er å sikre tilfredsstillende kvalitet på produkter som omfattes av forskriften, forebygge forurensingsmessige, helsemessige og hygieniske ulemper ved tilvirkning, lagring og bruk av gjødselvarer mv. av organisk opphav og legge til rette for at disse produkter kan utnyttes som en ressurs. Forskriften skal også bidra til en miljøforsvarlig forvaltning av jordsmonnet og ivareta hensynet til biologisk mangfold.”

Husdyrgjødsla er ein viktig ressurs for landbruket når den blir brukt på rett måte. Målet er sjølvstøtt å få ut gjødsla om våren og etter 1.slåtten, i samsvar med gjødselplanen.

Gjødsla skal ikkje spreiest i periodar med fare for avrenning til vassdrag. Den forrige, sentrale forskrifta med siste frist for spreining på eng 1.september har ført til mykje frustrasjon i næringa, fordi husdyrgjødsla måtte ut før den datoen uavhengig av verforholda. Det er ønske om at landbruket får eit fagleg handlingsrom, og at siste frist for spreining av husdyrgjødsel, pressaft mv. på eng utan nedmolding blir satt til 1.oktober.

Veret er ofte slik at mange gardbrukarar held på med 2.slåtten ut august, og då rekk dei ikkje å få ut gjødsla til 1.september. Dei siste åra har det vore ca 20 søknader kvart år om å få forlenga fristen lenger enn til 1.september. Desse har fått innvilga søknadene. Ein forlenging av tidsfristen i denne lokale forskrifta vil derfor truleg ikkje føre til store endringar i praksisen med utkjøring av husdyrgjødsla.

Ideelt sett bør siste spreiedato for spreining av husdyrgjødsel, pressaft mv. på eng utan nedmolding ut fra ei jordbruksfagleg vurdering vere ca 15. september. Bakgrunnen for dette er kjennskapen til klima og vekstavslutning på gras i området.

Her vil ein likevel tilrå at generell siste spreiedato blir sett til 1. oktober. Bakgrunnen for dette er:

- Variasjon mellom åra i forhold til vekstavslutning for gras i Surnadal
- Tillit til at gardbrukarane spreier gjødsla berre når det er miljømessig forsvarleg
- Det er ønske om at landbruket får eit fagleg handlingsrom i saka
- Forskrifta kan endrast viss tilliten blir misbrukt

Vi ønskjer at dei som må spreie husdyrgjødsel, pressaft mv. på eng utan nedmolding i perioden frå 20.september og fram til 1.oktober, skal melde frå til oss på Næring og utvikling om dette. Då kan vi ha ein dialog med dei og bidra med å få utvida gjødsellageret viss dette er nødvendig.

Rådmannen si tilråding:

Følgjande forslag til lokal forskrift blir lagt ut på høring med høringsfrist 26.april 2006. Forslaget er utarbeidd med heimel i forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav, 2003-07-04 nr 951, § 23, 3.ledd.

”Lokal forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav i Surnadal kommune

Spreiing av husdyrgjødsel, pressaft mv. på eng utan nedmolding:

- Bør gjerast så tidleg i vekstsesongen at det blir ein tydeleg gjenvekst som blir hausta eller beita
- Spreiinga skal gjerast **seinast innen 1. oktober**
- Det skal meldast frå til kommunen, ved Næring og utvikling, dersom det skal spreiest på eng i perioden 20.september til 1. oktober
- Forskrifta trer i kraft straks

Behandling i Formannskapet den 14.03.2006

Votering:

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedteken.

Formannskapet sitt vedtak:

Følgjande forslag til lokal forskrift blir lagt ut på høring med høringsfrist 26.april 2006. Forslaget er utarbeidd med heimel i forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav, 2003-07-04 nr 951, § 23, 3.ledd.

”Lokal forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav i Surnadal kommune

Spreiing av husdyrgjødsel, pressaft mv. på eng utan nedmolding:

- Bør gjerast så tidleg i vekstsesongen at det blir ein tydeleg gjenvekst som blir hausta eller beita
- Spreiinga skal gjerast **seinast innen 1. oktober**
- Det skal meldast frå til kommunen, ved Næring og utvikling, dersom det skal spreiest på eng i perioden 20.september til 1. oktober
- Forskrifta trer i kraft straks

NY VURDERING ETTER HØRINGA:

I løpet av høringa kom det 3 innspel i saka. Desse kom frå

- Landbruksrådgiving NordVest (tidlegare Indre Nordmøre og Romsdal forsøksring m.fl.)
- Rindal kommune
- Møre og Romsdal fylke, Landbruksavdelinga, som tilbakespel etter regionmøta i mars.

I uttalen frå Landbruksrådgiving NordVest står det:

”....Derfor kjem vi no med ei presisering for vårt område: Rauma, Nesset, Frei, Smøla, Aure, Halså, Surnadal, Tingvoll og Sunndal:

I rådgjevinga vil vi fortsatt ha full fokus på å få gardbrukarane til å spre husdyrgjødsla om våren og etter 1.slått. Det er den beste måten å bruke husdyrgjødsla på med tanke på mest muleg effektiv utnytting av næringsstoffa.

Likevel kan det av ymse årsaker bli nødvendig for ein del gardbrukarar av og til å spre husdyrgjødsel oppå eng om hausten. Da er kravet at det blir teke ei avling etterpå (anten ein slått eller ein avbeiting).

Vi ser at det reint fagleg sett ville ha vore ønskeleg med ulik dato for ytre og indre strøk og likeeins for høgare- og lågareliggande strøk. Samtidig meiner vi at det vil vere ein stor fordel både for kommunane og for eintydig rådgjeving frå forsøksringane med færrast muleg datoar.

Derfor tilrår Landbruksrådgiving Nordvest 20.september som siste dato for spreing av husdyrgjødsel oppå eng for alle våre kommunar. Vi er så fri og ber alle våre kommunar om å lande på denne datoen."

I uttalen frå Rindal kommune står det:

"Viser til Surnadal kommunes høring på lokal forskrift om frist for spredning av gjødselvarer av organisk opphav på eng. Kommunen har m.a. satt en siste frist for spredning til 1.oktober.

Endringa i den sentrale forskrifta for spredning av gjødselvarer av organisk opphav betyr at kommunen kan tillate senere spredning uten nedmolding/nedfelling enn 1. september, men ikke senere enn 1.oktober. Forutsetningen for dette er at kommunens klimatiske forhold og vannkvaliteten i kommunens vassdrag tillater det. Det betinger at næringsstoffa i gjødsla kommer plantene til nytte ved produksjon av avling som kan høstes, og ikke blir vaska ut i vassdraga som skadelig forurensing. Jo senere i vekstsesongen det spres gjødsla, desto mindre mengder næringsstoffer klarer plantene å nyttiggjøre. Rindal kommune vil løse dette ved å sette fristen til 10.september med redusert spredningsmengde på maksimalt 1,5 tonn/da. I tillegg er flere deler av kommunen unntatt fra forskriften med hensyn til vannkvaliteten i vassdraget, og "føre-var- hensynet" til elvemuslinger og laksebestanden i Surna.

Vi er derfor svært skeptiske til Surnadal kommune sitt framlegg til ny lokal forskrift fordi den ikke drøfter om spredningsfristen til 1.oktober er forenlig med naturens tålegrense og ivaretar "føre-var-hensynet" til vår felles laks- og sjørretbestand."

I det generelle tilbakespelet frå Landbruksavdelinga, Møre og Romsdal fylke, står det:

Konklusjonen er at forutsetninga for å forlenge fristen utover 1.september, er at "kommunens klimatiske forhold og vannkvaliteten i kommunens vassdrag tillater det.....I forskrift bør det og settast tak på gjødselmengde sett i høve til spreiedato". Sjå elles vedlegg for heile uttalen.

Når det gjeld **mengder** som kan spreist i september: Vi ser det som vanskeleg å kontrollere mengdene, så vi set derfor ikkje noko øvre grense for mengde her. Men mesteparten av gjødsla skal ut i samsvar med gjødselplanen, det vil seie i samband med våronna og etter 1.slåtten. Dermed skal det ikkje vere store mengder gjødsla igjen i gjødsellageret i september. Det bør ikkje spreist meir enn 1,5 tonn blautgjødsla per dekar.

Klimatiske forhold: Viser til vurderinga til møtet 14. mars 2006, sjå ovanfor.

Vasskvaliteten i vassdraga:

I følge miljøvernkonsulenten og rapporten "Status for miljø og naturressursar" er dei siste målingane i Surna i Surnadal gjort på 1980- og 1990-tallet. Det vil seie at vi ikkje har oppdaterte opplysningar om vasskvaliteten i vassdraga i kommunen. Vi har likevel inntrykk av at vasskvaliteten er betre no enn på 1980- og 1990-tallet, utifrå at det ser ut til å vere mindre groing /algevekst i vassdraga. Dette kjem truleg av at det no er mindre lekkasjar av gjødsel frå gjødsellager og pressaft frå siloar, samt at det er mindre forureining frå kloakkutslepp.

Etter ny vurdering generelt og av innspela etter høringa, vil vi legge fram følgjande tilråding:

Rådmannen si tilråding:

Følgjande lokal forskrift er utarbeidd med heimel i "Forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav", 2003-07-04 nr 951, § 23, 3.ledd.

”Lokal forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav i Surnadal kommune.

Spreiing av husdyrgjødsel, pressaft mv. på eng utan nedmolding:

- Bør gjerast i samsvar med gjødselplanen og så tidleg i vekstsesongen at det blir ein tydeleg gjenvekst som blir hausta eller beita
- Spreiinga skal gjerast **seinast 20.september**
- Dispensasjon for spreiiing i perioden 21.september til og med 30.september kan berre innvilgast i svært spesielle tilfelle
- Forskrifta trer i kraft straks

Behandling i Formannskapet den 06.06.2006

Votering:

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedteken.

Formannskapet sitt vedtak:

Følgjande lokal forskrift er utarbeidd med heimel i "Forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav", 2003-07-04 nr 951, § 23, 3.ledd.

”Lokal forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav i Surnadal kommune.

Spreiing av husdyrgjødsel, pressaft mv. på eng utan nedmolding:

- Bør gjerast i samsvar med gjødselplanen og så tidleg i vekstsesongen at det blir ein tydeleg gjenvekst som blir hausta eller beita
- Spreiinga skal gjerast **seinast 20.september**
- Dispensasjon for spreiiing i perioden 21.september til og med 30.september kan berre innvilgast i svært spesielle tilfelle
- Forskrifta trer i kraft straks.

Behandling i Kommunestyret den 28.06.2006

Votering:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Kommunestyret sitt vedtak:

Følgjande lokal forskrift er utarbeidd med heimel i "Forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav", 2003-07-04 nr 951, § 23, 3.ledd.

”Lokal forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav i Surnadal kommune.

Spreiing av husdyrgjødsel, pressaft mv. på eng utan nedmolding:

- Bør gjerast i samsvar med gjødselplanen og så tidleg i vekstsesongen at det blir ein tydeleg gjenvekst som blir hausta eller beita
- Spreiinga skal gjerast **seinast 20.september**
- Dispensasjon for spreiiing i perioden 21.september til og med 30.september kan berre innvilgast i svært spesielle tilfelle
- Forskrifta trer i kraft straks.